

17. mai i Nedre Heidal

Tilstellinga 17.mai i Nedre Heidal har vore enten på Nedre Heidal Skule eller i Øitun. Fra fyrst av foregjekk det på skulen, seinare i Øitun og Slettøya. Øitun vart opna i 1964, men det var ikkje før i byrjinga av 1970-åra at arrangementet vart flytta hit, og etter dette har det kvart år vore her. Foreldre, elevar og lærarar hadde saman ansvaret for alt som skulle skje, og 17.maifeiringa foregjekk kvart år etter tilnærma fast opplegg: Velkomsthelsing, all-song, underhaldning, tale, 17.maitog, traktering og leik til slutt.

Ein av lærarane ynskte vel møtt og var programleiar. Allsongen var enten nasjonal-songen eller fedrelandssalmen. Andre velkomstsongar kunne vera "Nu livnar det i lundar", "Kom mai du skjønne milde", "Fola, fola Blakken" eller "Vår kjære Heidal sin ros må ha".

Tale for dagen var det ikkje på alle 17.mai-arrangement, men somme gonger greidde komiteen å finne ein viljug talar. Talarar vart henta frå grannebygdene eller frå lokalmiljøet. Tidlegare skulesjef i Sel Kommune Fritz Neverdal og "gammelordføraren" i Heidal Ola. O. Hjellet var mellom dei som heldt tale for dagen.

Neste post på programmet var underhaldning. Underhaldninga kunne vera enkel song av skuleborna, musikk på gitar, blokkfløyte eller trekkspel eller song med musikk til. Det henda også at elevar prøvde seg på solosong. På kvar 17.mai framførte dei ymse klassene noko dei hadde dramatisert. Dette kunne vera enkle vitsar eller større stykke som "Klatremus og dei andre dyra i Hakkebakkeskogen".

17.maitoget gjekk ikkje alltid den same ruta. I dag går toget frå Øitun til veggen ned til Faulstadbrua og attende. Før hende det at toget gjekk frå skulen til Slette og attende. Ein gong vart turen toget gjorde ekstra lang. Den gjekk da frå skulen sørover til Nedre Bilben og attende. I vestre hjørnet av det som nå er dyrka mark på nordre Bilben, stod det ei stove. Stova er borte nå. Her budde det eit eldre ektepar, Kari og Anders Lysgård. (Når du fer forbi der i dag, kan du sjå ein syrinbusk like innafor gjerdet. Denne busken stod ved grinda til Kari og Anders.) For at desse to skulle få gleda av å sjå 17.maitoget, vart det bestemt at toget skulle gå forbi heimen deira. Kanskje ein slitsam tur for små føter, men sikkert ei fin og minnerik oppleving for Kari og Anders Lysgård.

Trakteringa var frå fyrst av enkel. Nokon av foreldra kokte kakao. Dei vaksne hadde med seg mat. Etter maten gjekk leiken med liv og lyst ute på skuleplassen. Både barn og vaksne deltok. Foreldre og lærarar styrde leiken. Elles skravla folk, kosa seg og slappa av. Her kunne alle utfalde seg med sekkehopping og potetløp, ymse slag stafettar, kostyme-fotballkamp og andre aktivitetar som foreldre og lærarar hadde funne på. Alle som deltok, fekk som regel ein liten premie. Medan traktering og leik pågjekk, hadde det vore utlodding. Heldige vinnarar fekk med seg ei fruktkorg eller andre småsaker heim.

Etter at 17.maifeiringa vart flytta til Øitun og Slettøya, samarbeidde skulen og ein komite om arrangementet. Nedre Heidal Skule vart nedlagt i 1997. Dette gjorde at 17.mai-opplegget måtte bli endra. Eit aktivt skulemiljø var borte og kunne ikkje lenger ordne med underhaldning. I dag er det ein valt komite som har ansvar for alt. Det er dugnadsarbeid. Komiteen peikar ut bakegjeng, nokon til å ordne med underhaldning, leikansvarlege og rydegjeng. Ungane frå barnehagen deltek ofte med noko. Oppslutninga om 17.mai i Nedre Heidal er framleis veldig bra.

Til slutt attende til månadsbildet: Det er dessverre noko uskarpt og vanskeleg å setje namn på nokon her, men det er sikkert mange som kan kjenne att folk. Vi kan sjå at avkjøringane til heimane i Horjeøya er forandra. Gjennom skogen kan vi og skimte husa til dei familiare som budde her på denne tida.

Tekst: Arne Andor Randen